

# Kyrkjebladet for VAKSDAL

71. ÅRG. / NR. 1 - 2017



ET NÅDENS ÅR  
LUTHER I BERGEN

REFORMASJON 500 år  
1517-2017



**JÅ, VI ELSKAR  
DETTE VATNET**



Bli ein brønnbyggjar  
– støtt Fasteaksjonen

2.-4.  
april

## Lutherfestdagar

Program side 6 og 7

## Fasteaksjonen

Side 14 og 15

- Andakt side 3
- Slekters gang side 19
- Gudstenestelista side 19 og 20

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00**

### Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

### Trusopplærer

#### Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

### Organist (vikar) Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84

E-post: frode.vik@vaksdal.kyrkja.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

### GATEADRESSER:

**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065

**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1

**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014

**Eksingedalen kyrkje:** Sördalsvegen 10

**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31

**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19

**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

*Framsdebilete: Marthin Luther,  
måla av Lukas Cranach*

## Eg er jo egentleg ikkje ein miljøaktivist...

Men når eg ser bileta i media av ein Gåsenebbkval med magen full av plastikk vart eg kvalm. Eg er ingen miljøaktivist, men eg elsker å gå tur i fjellet, eg likar meg i båt om sumaren. Eg likar å fiska i fjorden, og ikkje minst eta fisken etterpå. Men ein kan jo lure på kor lenge dette vil være mogleg om me ikkje skjerpar oss? So kan eg jo tenkja at det er alle dei andre som må ta seg saman. For eg tar bosse med meg heim når eg er på tur, eg sorterar (ofte) søppla mi, eg snur båten og plukkar med meg brusflaska som flaut i fjorden ein dag eg var ute. Eg (som dei fleste andre, trur eg) er ganske nøgd med meg sjølv. Men som vanleg startar nok det heile med meg. Om me skal klara å snu klimakrisa og skapa ei betre verd for dei som kjem etter oss, startar det heile med meg. Eg må rett og slett ta meg sjølv litt i nakken. For om eg er ærleg med meg sjølv veit eg at eg kan betre om eg vil. Og eg er sikker på at om du som les dette er ærleg med deg sjølv, ja so kan du betre du også. Eg trur at om me alle blir litt betre, vil de hjelpa litt. Me kan faktisk ikkje venta på at «alle dei andre» skal begynna. Me kan ikkje venta på at folk i India, eller Kina finn ut at dei må slutta å køyra bensinbilar, eller at Tyskland skal leggja ned atomkraftverka sine. Me må begynna med oss sjølve. For om alle byrgjar med seg sjølve, kan det bli ganske bra til slutt. «I går var eg flink, eg ville redde verda. I dag er eg klok, so eg endra meg sjølv.» (Rumi). Tenk litt på den, og nyt naturen og vinterfjellet.

**Bjart-Magnus N Rosvold**

### Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland

tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Kjersti Vetejord Børø

tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme

#### si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

### Bibelen på nett: [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

### Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

VaksdalPosten

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

**Retur til:** Kyrjekontoret  
for Vaksdal, Pb. 113,  
5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 15. mai.**



## Oljelampa

Ingen tenner ei oljelampe og gøymer henne under ei krukke eller set henne under ei seng; nei, han set lampa på ein haldar, så dei som kjem inn, kan sjå lyset. Lukas 8. 16

På Jesu tid var oljelampa det lyset dei hadde om kvelden. Det er ei keramikklampe med handtak og liknar ei lita tekanne med tut. Du helder lampeolje ned i midten og set ei veike i tuten. Då tenner du på. Det er ikkje store flammen men vert som eit stearinlys. Lampa er grei å ta med seg. Dei hadde jo korkje strøm eller batteri på den tida.

Når Jesus snakker om oljelampe tyder det at det er nattetid og mørker. Du treng å ha eit ljøs for å sjå deg føre. I Matteusles me om bruremøyane. Dei skulle fylgje brudgommen til brura. Ponget var at å lysa vegen for han. Utan ljøs i lampa kunne dei ikkje gjera jobben sin. Dei kloke hadde oljerreserve. Dei uforstandige dro for å skaffe meir olje då brudgommen var komen og festen byrja. Då var det for seint. Jesus nyttar desse likningane til å seie noko om trua vår. Trua er ei flamme, og for at trua skal vedvare trengs det nok olje. Olje og oksygen er næringa til flammen. Det som er næringa for trua er Guds ord

saman med Guds Heilage Ande. Det trengst for å kveikje og halde trua si loge vedvarande. Me treng stadig påfyll av gudsordet og Andens pust til å gje liv til truslogen.

Her i landet tenkjer mange på trua som ein privatsak. Det å gøyme bort trua kan lett føre til at ho vert kvalt og slokner. Me skjønner det lett med lampa. Dersom ein set ei brennande lampe under eit kar så sloknar det. Set du det under senga er det heller ingen som får sjå lampa før heile senga er i fyr og huset brenn ned. Poenget med ei lampe er å setje ho høgt og fritt så ho kan lyse opp i stova. Då vert ho til glede for alle som kjem inn. Den løyndomen gjeld og trua som me skal fritt stå fram med og dele. Det handlar ikkje om å vere påtrengjande, men at du på naturleg vis lar trua på Jesus prega livet og få plass i kvardagen din. Det er eit ljøs til glede og fellesskap. Det er ei naturleg tru som smitter og kan hjelpe andre til at dei og finn ljøs for sitt liv.

Vi trur på ein Frelsar som er ljøset for verda. Han sender alle som trur ut med det ljøset han har gjeve dei. Då handlar det ikkje om å gøyme trua bort frå kvarandre, men å vere ljøsvitne på ei landeveg, himmelvegen. Lat lampene brenna. Lat trua di vere til hjelp for alle som trengå finne ljøs i mørkret.

*Med helsing  
Edvard Bø*

# Min salme

## **Maria Magdalenas jubel**

Etter å ha vorte utfordra av Karen Johanne Rosvold, er det min tur til å skriva om "min salme". No er det mange salmar som kunne vera det, der finst jul, påske og pinsesalmar, og salmar både til glede og sorg. Mellom alle desse er det mange salmar eg kunne kalla "min salme", men då det snart tek til å nærma seg påske, har eg valt ein påskesalme. Salmen er skriven av Johan Halmrast i 1890, og vart opprinneleg kalla Maria Magdalenas jubel. Den byggjer på forteljinga om Maria Magdalena som "tidleg fyrste dagen i veka" kom for å sjå til Jesu grav. Ho ser då at steinen framfor grava er teken vekk, og lekamen til Jesus er borte. Då ho snur seg, ser ho ein mann ho trur er "hagemannen", men då han seier namnet hennar, kjenner ho han og ser at det er Jesus. Ho går då til læresveinana og fortel kva ho har sett (Joh. 20, 11-15). Salmen fortel om denne hendinga som er det kristendommenbyggjer på, Jesu siger over døden, utan dette ville korkje Maria Magdalena, eller seinare læresveinar ha nokon bodskap å gå med i det heile.

Forfattaren Johan Halmrast vart fødd 2. februar 1866. Han var det som i den tida vart kalla vanfør, han hadde pukkelrygg og visstnok misdanna hender. Han kunne såleis ikkje gjera noko arbeid, men livnærte seg ved skriving. Han gav ut ca. 30 romanar, men det er påskesalmen me kjenner han for. Teksten saman med ein god melodi gjorde salmen populær, noko som har halde seg heilt fram til vår tid.

For meg er denne perla av ein salme ein av dei store jubelsalmane i salmeboka.

*1 Å salige stund uten like,  
han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike,  
min sjel, hvorfor sørger da du?  
Han er ikke lenger i graven,  
hvor bleknet i døden han lå;  
jeg levende så ham i haven,  
og aldri så skjønn jeg ham så,  
jeg levende så ham i haven,  
og aldri så skjønn jeg ham så.*

*2 Han lever, og jeg skal få bringe  
hans venner det salige ord -  
tenk, jeg som er ringest blant ringe,  
den minste han kjenner på jord.  
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,  
å kunne jeg synge det ut!  
∴ Mer kunne ei engler begjære  
enn gå med så salig et bud. ∴*

*3 Å salige stund uten like,  
han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike,  
min sjel, hvorfor sørger da du?  
Du søkte din trøst i den døde,  
og dvelte ved gravnatten kun;  
∴ så fikk du den levende møte,  
å salige, salige stund! ∴*

**Einar Magne Straume sender salme-  
stafetten vidare til Eidrun Straume  
Normann.**

# Den gode arven frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er derfor all mogleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

## Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vera særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrøt slik: «...at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

## Senk skuldrene


Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar "sin egen lykkes smed". Summen av alt det

te kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei mening og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden.

Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Våre gode gjerningar er i høgaste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortene og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

## Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske utfallet hans



mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.

**Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og fornyne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere**

**oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.**

**Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin**



**ATLANTIS**  
**VVS & INTERIØR**  
Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00 



# Folkefest i reformasjonsbyen

## Bergen 3-7 mars 2017

### Program Lutherfestdagar 3.-7. mars 2017

**31. oktober 2017 er det 500 år siden Martin Luther offentliggjorde sine berømte teser mot avlatshandelen i Wittenberg. Dette ut-løste reformasjonen som forandret store deler av verden.**

Bergen er Norges representant i et nettverk av 68 europeiske byer (r2017.org). Bergen kommune, Bergen domkirke menighet, Bergen kirkelige fellesråd og Bjørgvin bispedømme har sammen etablert «Reformasjonsbyen Bergen 2017» og inviterer alle til deltakelse i aktiviteter både under selve Lutherfest-dagene 3. - 7. mars og i hele reformasjonsåret 2017.

### Fredag 3.3.2017

Prekenverksted - Nå ut med budskapet! Tore Skjæveland, Amund Ove Børdahl, Jens Z. Meyer.  
Tid: 10.00 -15.00 Pris: Gratis  
Sted: Johanneskirken kafé

**Luther-film** (kun engelsk tale)  
Tid: 13.00. Sted: Bergen kino  
Pris: www.bergenkino.no

«Teser i tiden»: Lysprosjisering/klokkespill. Studentprosjekt - Fakultet for kunst, musikk og design (KMD) / Asbjørn Myksvoll / Dick van Dijk Tid: 16.00 Sted: Johanneskirken tårn Pris: Gratis

### Luthernatt 3.3.2017

Jakob - veien hjem er lang Forteller-teater med Helga Samset, forteller og Arve Henrik-sen, trompet Tid: 18.00 - 19.00 Sted: Korskirken Pris: 220/170,- (ordinær / stud./ BT-kort)

**Vandring i Reformasjonsbyen**  
Med Målfrid Krohn Sletten fra Bergen ByExpert  
Tid: 18.00/ 20.00/ 22.00  
Sted: Oppmøte ved Kristkirketomten på Koengen. Pris: 170,-

**Oppdag Kirkekunstsamlingen - Opplev Reformasjonen** Foredrag/introduksjon ved leder Justin Kroesen kl. 18.30/ 19.30/20.30  
Åpningstid: 18.00 - 22.00 Sted: Universitets-muséet, Haakon Shetelig's plass 10 Pris: 60/30

**Oppdag Nonneseter.** Introduksjon v. forsker Åslaug Ommundsen Tid: 19.00 / 19.30 / 20.00. Sted: Nonneseter v. Biblioteket Pris: Gratis

**Reformasjonsomvisning Det Hanseatiske Museum**  
Tid: 19.00 / 20.00 / 21.00  
Sted: Det Hanseatiske Museum  
Pris: 100,-

**SALMEFEST.** Salmekveld for alle For kor og sangglade enkelt-personer. Gro Anthun, Vidar Eldholm, Sigurd Øgaard, Alf Tore Hommedal. Tid: 19.00 - 22.00 Sted: Domkirken Pris: Gratis

**Hvem preker best?** PrekeKappleik Vennskapelig konkurranse for påmeldte Tid: 19.00 - 21.00 Pris: Gratis  
Sted: ØSTRE, Østre Skostredet 3  
Aldersgrense: 18 år. Påmelding via: www.reformasjonsbyen.no

**Austrått vs. Bjørgvin - Hvem var først?** Vennskapelig dialog. Terje Bratberg, cand.philol og Daniel Johansen PhD, Geir Atle Ersland, professor Tid: 20.00 Sted: Korskirken Pris: Gratis

**TGIF** (Thank God It's Friday) For ungdom. Tid: 20.30 Sted: St. Jakob kirke  
Pris: Gratis

**Luther På Nytt - Improvisasjonskonsert** med Per Inge Hove, Eva Pfitzenmaier, Natalie Sandtorv Tid: 21.00 - 23.00 Sted: ØSTRE, Østre Skostredet 3 Pris: 120/100,- (ordinær/stud./BT-kort) Aldersgrense: 18 år

### Lørdag 4.3.2017

R2017. Reformasjonsbussen er åpen. Europeisk vandretstilling. Tid: 11.00 - 20.00. Sted: Torget. Pris: Gratis

«Lutherier» i Nykirken. Aktiviteter for barn og familier. Kunstverksted, Lutherselfie, Teater, Lutherkaker m.m. Tid: 11.00 - 16.00 Sted: Nykirken Pris: Gratis

**7-tårnsturen.** Quizløype for barn og familier i reformasjonsbyen Tid: 11.00 - 16.00 Sted: Nykirken og byen som helhet Pris: Gratis

**SalmeStafett** Rask salmевandring for alle fremmøtte. Ledet av Per Inge Hove og Kjetil Almennning. Tid: 12.30 - 13.00 Pris: Gratis Sted: Torgalmenningen

**OFFISIELL ÅPNING:** Lutherfestdagene i Reformasjonsbyen! AllSalmeSang. Med statsminister, ordfører, preses, representant fra Den katolske kirke, EKD (Den tyske evangeliske kirke), Irene Kinunda, Marthe Valle, kor-sangere fra inn- og utland, Kjetil Almennning, Vidar Eldholm. Vert: Halvor Nordhaug Tid: 13.00 Pris: Gratis Sted: Torgalmenningen

**Høytlesning fra katekismen** Kom, se og hør! Tid: 14.30 Sted: Bergen offentlige bibliotek Pris: Gratis

**Klokkespill konsert** Komposisjonsklassen v. Griegakademiet - Institutt for musikk, KMD, UiB Tid: 14.30 Sted: Johanneskirken  
Pris: Gratis

### LUTHER-SAMTALEN Et samfunn i oppbrudd

Robert Woodberry, Stephanie Springer, Erna Solberg, Halvor Nordhaug, Einar Thomassen. Debattleder: Hans Wilhelm Steinfeld. Folkemøte - kun engelsk. Tid: 15.00 - 16.30 Sted: Universitetets Aula Pris: 120/100,- (ordinær/stud./BT-kort)

**Klokkespill-konsert** Dick van Dijk  
Tid: 18.00 Sted: Johanneskirken. Pris: Gratis

**JUBILEUMSFORSTILLING:** «Nåde i en ny tid» Med Bjarte Hjelmeland, Bergen Stryk, r2017 Ungdomskor, Kjetil Almenning, Irene Kinunda, Vidar Eldholm, Asbjørn Myksvoll, Per Inge Hove, Eva Pfitzenmaier, Natalie Sandtorv, Marthe Valle, Vibeke Havre, Edvard Grieg Kor, Fargespill Tid: 20.00 - 21.30 Pris: 275/220,- (ordinær/stud./BT-kort) Sted: Johanneskirken

«Jesus loves electro»

Konsert, nachspiel, party for ungdom  
Tid: 22.00 Sted: St. Jakob kirke Pris: 50,-

**Søndag 5.3.2017**

Vandring i reformasjonsbyen. Fra Alrekstad til Domkirken Med biskop Halvor Nordhaug pilegrimsprest Einar Vegge og byhistorikerne Gunnar Staalesen, Egil Ertesvaag og Målfrid Krohn Sletten. Samarbeid med Årstad menighet. Tid: 09.00 Sted: Årstad Skole Pris: Gratis

**FESTGUDSTJENESTE**

Bachs reformasjonskantate no. 80. Kor, solister, orkester, domkantore Kjetil Almenning, preses Helga Haugland Byfuglien, biskop Halvor Nordhaug, sokneprest Dom Alois Brodersen. Kirkekaffe kl. 12.30 Tid: 11.00 Pris: Gratis Sted: Domkirken

**Fest** - familiegudstjeneste med mye sang og aktiviteter Med Åse Kristin Aagaard/Eirik Breivik Minde. Tid: 11.00 Sted: Nykirken. Pris: Gratis

**Ung Messe.** TenSing-grupper og internasjonale gjester, A.L. Kroken med fl. Tid: 11.00 Sted: Korskirken Pris: Gratis

**Klokkespill-konsert** Med Asbjørn Myksvoll Tid: 12.15 Sted: Johanneskirken. Pris: Gratis

**Kirke i en ny tid.** Møte for ledere i alle valgte råd i Bjørgvin bispedømme. Tid: 13.00. Sted: Grand Hotel Terminus

**Luther-film** (kun engelsk tale)  
Tid: 13.00. Sted: Bergen kino  
Pris: www.bergenkino.no  
Pilegrim - med Luther? Foredrag. Dr. theol Roger Jensen, daglig leder

**Pilegrimsenter Oslo.** Tid: 13.30 Sted:

Domkirkens skrudhus. Pris: gratis

**Klokkespill-konsert** Med Dick van Dijk. Tid: 17.00 Sted: Johanneskirken Pris: Gratis

**Verdier og kulturarv under press Folke-møte.** Kristin Gunleiksrud Raaum, Terje Nordby, Erik Hillestad, Siv Limstrand. Tid: 16.00-17.30 Sted: Litteraturhuset Pris: 120/100,- (ordinær/stud./BT-kort) LØRDAG 4.3.2017 (forts.) SØNDAG 5.3.2017 www.reformasjonsbyen.no

**Tysk gudstjeneste anno 1868** Med inspirasjon fra den siste tyske gudstjeneste i Mariakirken. Professor Stig Wernø Holter, pastor Sebastian Wilhelm, sokneprest Hans Jørgen Morvik, sokneprest Andreas Ester, kantor Karsten Askeland Tid: 18.00 Pris: Gratis Sted: Mariakirken

**Lutherjazz** Pastor Wangs quintet  
Tid: 19.00 Sted: St.Jakob kirke Pris: 170/120,- (ordinær/stud./BT-kort)

**Mandag 6.3.2017**

The reformation and the arts around the north sea. International conference in English. Prof. Dr. Raingard Esser, Prof. Dr. Christoph Auffarth, Dr. Justin Kroesen, Dr. Henning Laugerud, Prof. Dr. Andrew Spicer, Jacolien Wubs MA. Tid: 10.00 - 16.30 Sted: Bryggens museum Pris: 220/120,- (ordinær/stud./BT-kort) Inkl. lunsj

**“The Reformation – A Curse for Church Art? Facts and Myths”.** Debate in English. Prof. dr. Andrew Spicer, Associate professor Henning Laugerud, Prof. dr. Henrik von Achen. Debattleder: Jan H. Landro. Tid: 19.00 - 20.30 Sted: Litteraturhuset Pris: 120/100,- (ordinær/stud./BT-kort)

**Tirsdag 7.3.2017**

Reformasjonen: en forutsetning for demokrati og velferd? Konferanse Robert Woodberry, Gunnar Winsnes Knutsen, Einar Thomassen, Nils Ivar Agøy, Christian Anton Smedshaug, Oddvar Johan Jensen, Jan Heiret, Istvan Keul, Nils Gilje, Stein Kuhnle, Lisbeth Mikaelsson. Tid: 10.00 - 16.00 Sted: Universitetets aula Pris: 220/120,- (ordinær/stud./BT-kort) Inkl. lunsj

**Reformasjonen - en vellykket eksportvare?** Debatt Magne Supphellen, Oddvar Johan Jensen, Robert Woodberry, Kjell Nordstokke, Heidi Westborg Steel. Debattleder: Asbjørn Kristoffersen Tid:

19.00 - 21.00 Pris:120/100,-(ordinær/stud./BT-kort) Sted: Litteraturhuset

**Fredag 3.-søndag 5.3.2017**

TenSing Treff. KFUK-KFUM arrangerer treff for TenSingere fra hele Bjørgvin bispedømme. Sted: Ynglingen. Nedre Korskirkealmenning 4  
Tid: Fredag 18.00 - søndag kl.13.00  
Påmelding og informasjon:  
Lars Håberg Ottesen Mob: 950 84 688  
E-post: lh692@kirken.no

**Fredag 3.-tirsdag 7.3.2017**

Re(in)formasjonen. Utstilling med ressurser for studier og forskning om Luther og reformasjonen Tid: 09.30-19.00 hverdager, 10.00 - 16.00 lørdag Sted: Bibliotek Humaniora, Haakon Sheteligss plass 7

**Internasjonal ungdomskonferanse**

«Between the law of perfection and the grace of acceptance» 2. - 5. mars

**Samarbeidspartnere**

Studenter fra Fakultet for kunst, musikk og design (KMD), UiB og Bergen Arkitekthøgskole, KFUK-KFUM, Universitetet i Bergen, NLA Høgskolen, Kirkens Bymisjon, Norsk kirkeakademier, Bergen filharmoniske orkester, Bergen kino, Bergen offentlige bibliotek, Mellom-kirkelig Råd, Digni, HimalPartner, SMM, Universitetsmuséet i Bergen, Kirkekunstsamlingen, Museum Vest, Evangelisk tysk-talende menighet i Oslo, Tysklands Nasjonale Turistkontor, Fortidsminneforeningen, Bymuseet i Bergen.

**Bidragstypene**

Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, Kyrkjelag for Bjørgvin bispedømme, Fritt Ord, H. Westfal-Larsen og hustru Anna Westfal-Larsens almennyttige fond, Akasia, EGD, W. Giertsen Hallsystem, Universitetet i Bergen, Ørland Kultursenter.

www.reformasjonsbyen.no

**Minneord****Asbjørn Nese (1936-2016)**

Asbjørn Nese døydde like før jul, og Nesheim kyrkje var fullsett under gravferda. Det same var gymnas-tikkssalen på skulen under minnesamveret.

I om lag 65 år var Asbjørn organist i Eksingedalen, og har i tillegg vore fast organist i Modalen og på Eidslandet. Han har og gjort teneste i dei andre kyrkjene i Vaksdal, og i mange av kyrkjene i nabokommunane. Han vart pensjonist for fem år sidan, men heldt fram med å ta vikaroppdrag heilt fram til han vart sjuk for omlag to år sidan.

Asbjørn vaks opp på Brakestad, og vart buande der heile livet. Han fekk i tidleg alder høve til å vere med i kyrkja på gudsteneste, og både salmar og liturgi var noko han sette pris på. Tidleg fekk han og lov til å prøve seg på orgel - det hadde dei heime i stova - og interessa for orgelspeling i kyrkja vart vekka. I si teneste har han spela i tallause gudstenester, gravferder og vigslar, og elles arrangert fleire konsertar, leia forsangargrupper og vore med i kor i Modalen og Ek-



Asbjørn Nese, her som forsongar på Olsokstemna i 2007.

singedalen. Asbjørn hadde sjølv ei god songrøyst, og song særleg dei siste åra solo ved fleire høve. Han har og sytt for song og tonefylgje i samkomer utanfor kyrkjene. Han var og ein pådrivar for å skaffe nye og gode orgler, og var oppteken av vedlikehaldet av instrumenta.

I den seinare tid sytte han for nytt piano i Nesheim kyrkja og var han med i nemnda som sytte for nytt orgel i Eidsland kapell.

Asbjørn var open for fornying, og sleppte til dømes til born og unge i gudstenester og konsertar, og var like eins open for å ta i bruk ny musikk og nye salmar i kyrkja. Han var elles aktiv i foreinings- og lagslivet i Eksingedalen, mellom anna som medlem i Nesheim sokneråd i fleire periodar, og var og kyrkjegardsarbeidar på Nesheim nokre år. I 2012 fekk Asbjørn H. M Kongens fortenstmedalje i sølv for sin innsats i kyrkje og samfunn.

For oss som har vore medarbeidarar med Asbjørn til ulike tider og på ulike stader har det vore ei glede å vere saman med han og å jobbe saman med han. Han har vore ein god medarbeidar i kyrkjestaben, og hatt viktige bidrag for fellesskapen. Me lyser fred over Asbjørn sitt minne.

**På vegne av medarbeidarane  
Frode Kvamsøe**

## «Toradergudsteneste» i Eksingedalen

Det vart ei heller uvanleg gudsteneste i Eksingedalen kyrkje den 12. februar. Det vil seie: Sjølv gudstenesta var ganske vanleg, det var tonefylgjet som var nytt. For soknerådet hadde engasjert toradergruppa i Eksingedalen til å spele til salmane. I tillegg spela dei tre melodiar i starten og slutten av gudstenesta, og under takkofferet. Kyrkjelysten fekk syngje kjende salmar på ein uvant måte, men var like fullt «med på notene» i denne gudstenesta. Som nokon sa: I tidlegare tider ville mange ikkje vore glade for å ha instrument dom torader og trekkespel med i ei gudsteneste. Dette har heldig-



Med i Toradergruppa er, frå venstre: Svein Tollefsen, Evelyn Gullbrå og Svein Trefall. Hanna Gullbrå er og med i gruppa, men var ikkje med dei nett denne gongen. Dei drygt 30 personane som var samla til gudstenesta song med.  
Foto: Magnar Nese.

vis endra seg positivt, og røynsla denne søndagen

gjer at toradergruppe nok vert å høyre i gudstenester

seinare og.






Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook!



## Leir på Fagertun



Laging av bordbrikker på juleverkstad.



Denne gjengen lagar julekuler.

25.-27. november vart det gjennomført ein fullsett adventsleir på leirstaden Fagertun i Eksingedalen, for 4.-7. klasse. Til denne leiren var fjorårets tiaringar spesielt inviterte, som eit ledd i trusopplæringa vår, Veggen. Trusopplærar Kristin var

med som ein av leiarane, og syntest det var kjekt å verta meir kjend med ein flott gjeng leirdeltakarar. Leirlivet er jo i grunn ganske hektisk, men òg veldig gøy! Det er ikkje til å leggja skjul på at høgdepunktet for borna er når kiosken opnar, og når det

er leirkveld med leikar og sketsjar... Men gjengen var òg ivrige både når det var rebusløype, juleverkstad og bibeltimar. Til og med når dei måtte vera med og rydda etter maten, og vaska på søndagen, var det lite sure miner å sjå (for

oss vaksne i alle fall...). Ein trøtt, men fornøgd gjeng avslutta med ei stemningsfull lysmesse i Eksingedalen kyrkje før bussen gjekk heim att, nedover den snødekte dalen. Ein minst like trøytt gjeng fornøgde leiarar fylgde same veg...

## Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong på Dale

Me er i gong med babysong, lunsjtreff og småbornssong igjen (sjå datoar lenger bak), og fyrste samling i bedehuset på Dale i starten

av februar var veldig kjekk. Her ser me nokre av deltakarane: Andrea som var på babysong, og Fenris som var på småbornssong.



Andrea.



Fenris.

## Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje

Siste laurdagen og sundagen i januar var ein fin gjeng 2.klas-singar frå heile kommunen samla i Vaksdal kyrkje. Dei kom for å bli tårnagentar, og det blei dei, alle saman! Fyrst måtte alle gjennom ein labyrint, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt - med eige fingeravtrykk sjølvsagt! Med agentkort og agentlykt rundt halsen og ein eigen agentbevegelse på plass, vart dei delte inn i grupper, og fekk ulike oppdrag dei skulle løysa. Det dukka òg opp ein mystisk fyr i svart frakk med melding frå sjefen... Spen-nande! Til middag fekk gjengen flaggermus-suppe, som faktisk gjekk ned på høgkant hjå dei aller fleste. Så øvde dei på den fengande tårnagent-songen og planla gudstenesta. På søndag var alle flinke tårnagentane i aksjon anten med song, drama eller andre oppgåver under gudstenesta. Etterpå var det tårnagentis, forma som eit tårn sjølvsagt! Om dei fann ut kven sjefen var, er ikkje godt å seia, og alt som skjedde kan me ikkje avsløra, men at det var gøy å vera tårnagent, er det i alle fall ikkje tvil om at dei syntest!



Selma i starten på labyrinten.



Ein mystisk agent kom med melding frå "sjefen".



Kjekke tårnagentar song i kyrkja sundagen.

## VING

annankvar  
fredag  
kl 18.30 - 20.30  
i Dale bedehus  
for dei som går i  
5, 6. og 7. klasse

10. februar:  
Spel og bingo

24. februar:  
Luftværskyting

10. mars: Film

24. mars: Spel og  
bingo

07. april: Hobby

21. april: Spel og bingo

05. mai: Bowling i  
Modalen (avr. 18.00)

19. mai: Rebus

## Lys vaken i Dale kyrkje

4. til 5. februar inntok mange av årets elleveåringar Dale kyrkje, og overnatta der. Dei var nok spente då dei kom til kyrkja, for fyrste gong med sovepose! Men opplegget fenga, og det vart eit kjekt lite døger i kyrkja. Det var blant anna tur opp i kyrkjetårnet og ned i kyrkjekjellaren, høgtlesing, lagning av Kristuskrans (armband), og førebuing til gudsteneste. Og god mat sjølvsagt! Under gudstenesta søndag var dei fleste borna involvert på ulikt vis, og dei verka til og med lys vakne, trass sikkert litt mindre søvn enn vanleg!



Jentene sov framme i koret (utanfor alterringen).

# Kva skjer på VEGEN framover?



## Borna sin påskedag

2. april vert det Borna sin påskedag, denne gongen i Vaksdal kyrkje. Her vert årets sjuåringar inviterte til vandring via ulike postar som fører dei gjennom sentrale dagar i påska. Vandringa er sjølv sagt open for alle som er med på denne spesielle gudstenesta, og det vert òg kyrkjekaffi og aktivitetar for dei som ventar på sin tur til å gå runden, eller er ferdige. Kanskje nytt for nokon, men ikkje noko skummelt!

## Ungdomsleir for 7. og 8. klassingar

I mars (24.-26.3) vert det ungdomsleir for 7. og 8. klasse, på leirstaden Fagertun i Eksingedalen. Dette er noko nytt me prøver på i år, for å finna eit tilbod som kan passa denne aldersgruppa. Ein kan òg kalla det «pre-konfe-leir», sidan det er på same staden og med litt dei same folka som er på konfirmantleiren som alle skal på når dei er konfirmantar hjå oss! Me tenkjer jo at denne leiren kan vera ein fin måte for sjuandeklassingar frå dei ulike bygdene å bli litt kjende før ungdomsskulen, og samtidig at sjuande- og åttandeklassingar som no går på ulike skular, her får sjansen til å vera saman ei helg. Det vert ulike aktivitetar tilpassa aldersgruppa, men òg tid til brettspel og andre sosiale aktivitetar. Påmelding til [vegen@vaksdal.kyrkja.no](mailto:vegen@vaksdal.kyrkja.no)

## Barneleir på Fagertun - tiåringar spesielt inviterte

Helga etter ungdomsleiren (31.3-2.4) er den tradisjonelle vinterleiren for 4.-7.-klasse på Fagertun. I år inviterer me årets tiåringar spesielt til denne leiren (i staden for til adventsleiren, som kjem tett på Lys Vaken). Dette er som med ungdomsleiren eit samarbeid mellom trusopplæringa i Vaksdal og Barne og Ungdomsrådet til Samemisjonen, som eig leirstaden. Meir info om leiren får du ved å kontakta Kristin (kontaktinfo framme i bladet).

## Gudsteneste på Skipshelleren - femåringar inviterte

På Kristi Himmelfartsdag (i år 25.mai) er det som vanleg gudsteneste på Skipshelleren på Straume. Nytt av året vert at årets femåringar vert spesielt inviterte til å vera med! Sjølv sagt saman med familien sin. Det vert fyrst ei enkel utegudsteneste som i år vert ekstra tilpassa borna. Etterpå er det grilling av pølser, og leikar for både små og store. Dette pleier å vera ein kjekk dag for dei som tek turen, så me håpar endå fleire nyttar høvet i år!

## Tankar frå trusopplæraren

Som trusopplærar har eg mange «ballar i lufta». Det vert ein del kontorarbeid, med planlegging og organisering av dei ulike tiltaka me har, skriving og utsending av invitasjonar, rapportering og evaluering av det me har gjort, og kontakt med dei gode frivillige medhjelparane me har.

Men det kjekkaste er å vera ute og treffa borna og familiane deira. På adventsleiren vart eg betre kjend med mange flotte born. Ivrige og nysgjerrige born. Ulike born, med kvar sine gode eigenskapar. Saman var det ei fin gruppe som stort sett fungerte godt ilag. På tårnagethelga i januar var det ei ny gruppe, like ivrige born.



Songglade, fulle av energi (bortsett frå på slutten...), og gode på kvar sine måtar. Så starta eg opp att med baby-song på Dale, og her møtte eg dei minste borna. Nokon krabbar, nokon vinkar, nokon syng med og gjer rørsler, og nokon ligg mest og berre ser. Smilande eller skeptiske, betenkte eller modige, små eller store, alle borna er ulike, og det er så bra!

Tenk kor kjedeleg det hadde vore om alle var heilt like...

Det er lett å samanlikna seg sjølv, eller borna sine, med andre. Men det fører i grunn lite positivt med seg. Ein har ulike interesser og eigenskapar, og då er det òg naturleg at ein utviklar seg ulikt! Det er forresten ein veldig viktig ting alle borna har felles. Dei er elska! Dei har nokon som ubetinga er glade i dei, berre fordi dei er akkurat seg sjølv. Eg snakkar sjølv sagt om foreldra. Men eg snakkar òg om Gud. Me er alle borna hans, og Han er veldig glad i oss, og ynskjer at me skal ta imot denne kjærleiken, og òg vera glade i oss sjølv.

Det står i bibelen at ein skal elska nesten sin som seg sjølv. I praksis betyr jo det at for å vera glad i andre, må du

faktisk vera glad i deg sjølv òg! Det handlar ikkje om at ein skal framheva seg sjølv, og berre tenkja på seg sjølv. Det handlar om at ein kan akseptera seg sjølv slik ein er. Når ein har den tryggleiken, er det mykje lettare å gjera gode ting for andre òg. Tankekjøret om at ein ikkje held mål stilnar, og ein får frigjeve mykje god energi som ein kan dela med fleire! Så lat borna kjenna på kjensla av å vera elska, uansett. Og kjenn litt på den sjølv òg. Det er ikkje noko du må gjera for å «fortena» kjærleiken, det einaste du treng å gjera er å ta imot.

**Kristin**



# BABYSONG, LUNSJTREFF OG SMÅBORNSSONG

**Dale Bedehus desse måndagane:**

**6.feb, 13. feb, 20.feb, 6.mars, 13.mars og 20. mars.**

**Vaksdal kyrkje desse måndagane:**

**27. mars, 3. april, 24. april, 8. mai, 15. mai, 22. mai, 29. mai**

**kl. 10-11.10: BABYSONG (0-ca 1 år)**

Opplevingsrike samlingar for dei minste. Kom og prøv!

(Kaffi og prat fyrst, sjølve opplegget startar 10.30. Går fint å ta med større sysken)

**kl. 11.10-12.30: LUNSJTREFF (0-5 år)**

Fin og uformell møteplass for småborn og småbornsforeldre.

Me har kaffi, ta med niste!

**kl.12.30-13.30: SMÅBORNSSONG(1-5 år)**

Opplevingsrike samlingar for småborna. Babyar kan vera med, men ein tilrettelegg mest for dei som er større.

Alle samlingane vert leia av trusopplærar Kristin Straume Audestad.

For meir info: Facebook- gruppa Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal.

*Det er også baby- og småbornssong  
i Stamnes bedehus*

**Tid: kl.10-12 Datoar: 9. mars, 6.april, 4.mai, 1.juni.**

Her er alle born mellom 0 og 5 år hjarteleg velkomne. Ta gjerne med niste.

*I Eksingedalen kyrkje skal me ha baby- og småbornssong*

**ein gong i vår: 21.mai kl. 11-12.**

Dette høver for born 0-5 år, og det er kyrkjekaffi etterpå,  
saman med dei som har vore på gudstenesta.



# Salmeslaget

At konfirmantar syng salmar er ikkje noko nytt, men den andre laurdagen i februar gjorde dei det på uvanleg vis. Det var rett nok fjerde gongen sin slik konsert vart avvikla i Vaksdal, men for årets konfirmantar var det fyrste gongen dei var med på noko slikt. Konfirmantane var nok ganske så avventande på førehand, men etter øving og under konserten ga dei fem gruppene med konfirmantar det dei hadde, og gav publikum ei flott konsertoppleving. Til å hjelpe seg hadde konfirmantane coachar, som instruere og motiverte dei.

Coachane var elevar ved Kongshaug Musikkgyminas, og talte mellom andre våre eigne Hanna Gullbrå og Oda Kristina Ø Steinkopf. Kantor Olav Arne Steinkopf har vore primus motor for dei tidlegare



Desse konfirmantane var med i gruppa som vann Salmeslaget: Emilie Helene Instøy Sellevold, Roger Stavenes, Jenny- Shakira Folkestad, Marius Berentsen Sandvik, Celina Vetås Rodriguez og Sebastian Hørdum Nyberg. Foto: Kyrkjebladet.

konsertane, og var no hyra inn for å leie årets prosjekt og. Fru Tone Synnøve var komen ned frå Molde for å vere med, og ho leia Kilden då dei song, og hadde hand om ein del av øvinga den dagen. Bandet hadde med

musikarar i ulike aldre, og vår organistvikar Frode R Vik var mellom dei.

Konfransierar var Håkon og Linda Kinsarvik, og i juryen sat Hege Eide Vik og Eirik Straume Normann. Både juryen og dei om lag

170 andre som var til stades fekk stemme på sine favorittgrupper, og oppteljinga synta at det var heller få røyster som skilde dei fem gruppene. Vinnargruppa song salma «Rop det ut».

## 50-årskonfirmantar på Stamnes 2016



Konfirmantjubilantane var samla til fest i Stamnes bedehus i oktober. Framme frå venstre: Alfred Thunestveit (konfirmant 2016), Gerd Irene Solhaug, Åshild Dæmring Thue, Unni Vik Hovet. Bak, frå venstre: Per Gammersvik, Ottar Wiik, Stein Ove Græsdal, Åshild Eikefet Lien, Jon Gudmund Løvskeid Høvik, Per Kulshamar, Jan-Egil Dyvik, Trygve Møster

# Ja, vi elsker dette vatnet

- Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før, seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyens nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson.

Før kunne Wilson bruke mange timar på å hente vatn til familien. Køen ved brønnen kunne vere lang, og for kvart minutt med venting, vart det eit minutt mindre med fotballspeling saman med venene. For ein 13 år gamal gut er det hardt å akseptere.

Men vatn må familien til Wilson ha, og å skaffe vatnet er hans ansvar. Og det er eit tungt ansvar, bokstaveleg talt. Fire kanner med vatn skal fraktast frå brønnen og heim, og når kannene er fulle er vekta på 80 kilo. Det er god trim for ein 13-åring, kanskje litt for mykje av det gode, tenkjer mange. Men vatn må familien ha.

Den gode nyheita er altså at det nyleg har skjedd endringar i landsbyen Ikonda, der Wilson bur. I landsbyen har fleire brønnbyggjarar fått opplæring, og ein ny brønn er på plass. Den har gjort køen ved brønnen kortare og vatnet reinare. Sjukdommar som diaré og urinvegsinfeksjon er også langt sjeldnare enn før.

- Før kunne eg ha vanskar med å tisse, og eg hadde mykje vondt i magen. Men no er det mykje betre. I framtida håper eg at vass-tilgangen vil bli enda betre, og at folk si helse også vert

betre, seier Wilson, som no også har betre tid og helse til å spele fotball - slik 13 år gamle gitar skal gjere. Det er i år 50. gong at Kirkens Nødhjelp gjennomfører Fasteaksjonen. I 50 år har altså kyrkjelyder over heile landet bidrege til at millionar av menneske har fått den hjelpa dei har rett på. Reint vatn og tilgang på mat er ein rett alle menneske har, og Kirkens Nødhjelp kan aldri få gje nok takk til dei som har støtta aksjonen trufast gjennom 50 år.

2017 er også året der lutherske kyrkjer over heile verda markerer at det er 500 år sidan Martin Luther hang opp tesene i Wittenberg. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon står sentralt i den norske 500 års-markeringa, og målet er å vise diakoni i praksis ved å gå med bøsser den 2-4. april.

- Me kan ikkje alle berre reise til Wittenberg for å feire. Me må sette oss ned og sjå på alt me har oppnådd desse 500 åra. Me kan ikkje berre be om pengar, og seie halleluja og amen. Me må sjå på kva me kan gjere for samfunnet vårt, seier Emmanuel Makala som er biskop i den lutherske kyrkja i området der Wilson bur.

50 års-jubilanten Fasteak-



sjonen er den stødige påla i Kirkens Nødhjelps daglege arbeid. For å klare å hjelpe flest mogleg også dei neste 50 åra treng Kirkens Nødhjelp draghjelp frå våre trufaste bidragsytarar. Du kan bidra til at Fasteaksjonen vert ein suksess i kyrkjelydane i Vaksdal anten ved å stille som bøssebærar, eller ved å gje pengar i bøssa.

Det har aldri vore enklare å bli ein brønnbyggjar.

## FASTEAKSJONEN I VAKSDAL:

### Måndag 3. april:


Konfirmantane går med bøsser i Stamnes sokn om ettermiddagen.

### Tysdag 4. april:

Konfirmantane går med bøsser i Dale og Vaksdal sokn om ettermiddagen.

### Påska:

Takkoffer i gudstenestene på Flatekval, Nesheim og Bergsdalen



## JA, VI ELSKAR DETTE VATNET



Bli ein brønnbyggjar  
– støtt Fasteaksjonen

2.-4.  
april

# Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret

## Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år  
111 sider

### NY PRIS kr 150,-

Kan kjøpast i butikkane på Lavik.  
Kan òg kjøpast hjå boknemnda:  
Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim  
og Asbjørn Nese.



## Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for  
Bergsdalen kyrkje 50 år  
220 sider.

### NY PRIS kr 100,-

Kan kjøpast i Bergsdalen hjå  
medlemmene i soknerådet og i  
kyrkja.



## Kyrkjestaden Dale (1996)

100 år  
104 sider

### Kr 50,-



## Soga om

### Stamneskyrkja (1986)

229 sider


### Kr 50,-

## Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

### Kr 100,-

(Perioden 1986-2011)

Kan kjøpast hjå  
soknerådsmedlemmene.



## Unik korkonsert med Bergen Domkor

i Dale kyrkje lørdag 8. april kl. 18.00

Kjøp billetter og les mer på [www.kirkemusikkibergen.no](http://www.kirkemusikkibergen.no)

Ha ein  
**GOD dag!**

## Laurdag 18. mars kl. 12-14

Denne dagen skal konfirmantane hjelpe dei som ynskjer det med praktiske oppgåver som til dømes å handle, rake lauv eller flytte på ting, og andre oppgåver som kan vere vanskelege når ein er åleine eller helsa ikkje er på topp. Slik skal konfirmantane gjere sitt til å lage ein GOD dag for menneska rundt seg, og for seg sjølve.

### Vil du ha hjelp av konfirmantane?

Kontakt Frode (90 19 65 14) eller Edvard (90 84 06 24)

**Servering av vafler og kaffi med meir  
ved butikkane kl. 12 - 14**





**Minns du sången**  
En musikalisk resa genom 40 år

**KJELL SAMUELSON**

**VAKSDAL KYRKJE**  
**FREDAG 10. MARS KL. 19.00**

*Kom med och sjung i älskade sånger!* **FRI ENTRÉ – KOLLEKT**

Kjell Samuelson turnerar framleis med gospel og andelege songar i heile Norden. I mars kjem han attende til Noreg for å ha songkveldar på Aust- og Vestlandet med temaet MINNS DU SÅNGEN – en musikalisk reise gjennom 40 år, med fokus på gossellåtar og kjære andelege songar som mange vil knytte til, brødregruppa Samuelsons. Det blir mykje allsong. Fredag 10. mars er dagen for denne konserten i Vaksdal kyrkje. Det vert kollekt ved utgangen. Det vert høve til å kjøpe CD-plater – og å få dei signert.



## KONSERT MED INGVILD LILLETVEDT NORDSTOGA

**Dale kyrkje søndag 19. mars kl. 19.00**  
**Bill. kr 200,- Sal ved inngangen**

Ingvild Lillevedt Nordstoga debuterte i 2014 med albumet "Den Minste Caféen". Debutalbumet fekk jamnt over gode kritikkar, og ho var nevnt i samme åndedrag som ei rekke andre sterke kvinnelege artistar: "Ho står støtt på egne bein, ein fullt ut godkjent debut, minner om Joni Mitchell".

I tida etter debuten mista Ingvild nokon som stod ho nær. Ho brukte sorgen og savnet til å skrive, og resultatet har blitt ei samling såre, trøystande og personlege songar, men også songar som feirar det gode i livet. Songane er som små historiar frå hennes eiga liv, og har blitt til albumet Ringen, som kjem ut i februar 2017.

«Ingvild Lillevedt Nordstoga er ein musikalisk historieforteljer - ei stemme meir enn ein songer. I en bransje preget av snarveier, popstjernedraumar og overfladiske selfies er Ingvild eit friskt pust der ho på sitt særegne vis delar erfaringar og betraktningar frå sitt eige liv. Ho er ekte vare, her er det songane som er i fokus. Denne stoltheten gjer Ingvild til ein særegen artist med erfaringer og betraktninger få andre artistar kan skilte med.



### Stanghelle bedehus

**25.-26. februar kl. 18.00**

BIBELHELG: Den heilage ande ved Christian Skoge

**Onsdag 19. april kl. 19.00**

Møte ved Christian Skoge



### Vaksdal bedehus

**Storsamling søndagar kl. 11.00**

Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30

**26. februar, 19. mars, 23. april, 14. mai**

**Basar måndag 1. mai k. 17.00**

**FELLES MØTEVEKE** i Vaksdal bedehus

21.-24. mars kl. 19.00

Tale v/Asle Hetlebrekke



### Dale bedehus

**Onsdag 8. februar kl. 19.00**

Møte ved Reidun Skurtveit

**Onsdag 8. mars kl. 19.00**

Bibeltide ved Ottar Dalseid

**Onsdag 15. mars kl. 19.00**

Bibeltide ved Ottar Dalseid

**Onsdag 10. mai kl. 19.00**

Møte ved Leiv Nesheim

**Onsdag 17. mai kl. 18.00**

Fest. Tale ved Jostein Rene

## KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLERINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.

## TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

## ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



## Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

## BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop  
prix**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

## Effektiv trafikkopplæring

Tlf. 913 03 491

geir@effektivtrafikk.no

www.effektivtrafikk.no

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -*

*Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

## ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleastallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

## SLEKTERS GANG



### DØYPTE

#### Dale

- 11.12 Ingeborg Oen Tjønneland  
05.02 Iver Bjørnsen Gammersvik

#### Vaksdal

- 08.01 Andreas Johannessen Langhelle



### DØDE

#### Dale

- |       |                              |      |
|-------|------------------------------|------|
| 24.11 | Svein Martin Søvik           | 1951 |
| 11.12 | Oline Rolland                | 1917 |
| 11.12 | Arthur Helle                 | 1934 |
| 17.12 | Lars Seim                    | 1939 |
| 04.01 | Ingrid Irene Owe             | 1941 |
| 10.01 | Anny Marie Kvamme Albrigtsen | 1943 |
| 22.01 | Torbjörg Hanna Rødland Fenne | 1936 |
| 06.02 | Nils Fykse                   | 1922 |
| 06.02 | Johannes M Haugland          | 1928 |

#### Eidsland

- |       |            |      |
|-------|------------|------|
| 13.01 | Randi Eide | 1933 |
|-------|------------|------|

#### Nesheim

- |       |              |      |
|-------|--------------|------|
| 10.12 | Asbjørn Nese | 1936 |
|-------|--------------|------|

#### Stamnes

- |       |                 |      |
|-------|-----------------|------|
| 21.12 | Knut Ingvar Aas | 1947 |
|-------|-----------------|------|

#### Vaksdal

- |       |                         |      |
|-------|-------------------------|------|
| 18.11 | Karen Johnsen           | 1924 |
| 01.12 | Arne Fosse              | 1947 |
| 09.01 | Odd Gundersen           | 1926 |
| 09.01 | Anders Vaksdal          | 1939 |
| 15.01 | Berit Marie Engebretsen | 1935 |

## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Søndag 5. mars** - 1. søndag i fastetida  
Ingen gudstenester i Vaksdal, men deltaking i markeringa av Reformasjons-jubileet i Bergen

**Sundag 12. mars** - 2. søndag i fastetida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi og årsmøte etter gudstenesta.  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi og årsmøte etter gudstenesta.

**Sundag 19. mars** - 3. søndag i fastetida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi og årsmøte etter gudstenesta.

**Sundag 26. mars** - Maria bodskapsdag  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi og årsmøte etter gudstenesta.

**Sundag 2. april** - 2. søndag i fastetida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Borna sin påskedag. Audestad og Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Ung Messe med konfirmantane. Bø og Kvamsøe. Nattverd.

**Sundag 9. april** - Palmesundag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Utdeling av Nytestamente til 11-åringane i Eksingedalen. Kyrkjekaffi.

**Torsdag 13. april** - Skjærtorsdag  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Nattverdsgudsteneste. Bø.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Nattverdsgudsteneste. Kvamsøe

**Fredag 14. april** - Langfredag  
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

**Sundag 16. april** - Påskedag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Bø. Dåp. Nattverd. Forsongarar møter kl. 10.00.  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Måndag 17. april** - 2. Påskedag  
Ingen gudsteneste i Vaksdal



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Sundag 23. april** - 2. søndag i påsketida  
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Bø.  
Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 30. april** - 3. søndag i påsketida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd.

**Torsdag 1. mai**  
DALE KYRKJE kl. 11.00.  
Gudsteneste. Kvamsøe.

**Laurdag 6. mai**  
DALE KYRKJE kl. 12.00.  
Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.

**Sundag 7. mai** - 4. søndag i påsketida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.  
Konfirmasjon. Bø. Dåp.  
DALE KYRKJE kl. 11.00.  
Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.

**Sundag 14. mai** - 5. søndag i påsketida  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00.  
Konfirmasjon. Bø. Dåp.

**Sundag 17. mai** - Grunnlovsdagen  
VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Gudsteneste. Hunn.  
DALE KYRKJE kl. 10.30. Gudsteneste. Bø.  
STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Familiegudsteneste. Hunn.  
EIDSLAND KAPELL kl. 12.30. Familiegudsteneste. Bø.

**Sundag 21. mai** - 6. søndag i påsketida  
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.  
Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Torsdag 25. mai** - Helgetorsdag  
SKIPSELLEREN (Stamnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste.  
Bø.

**Søndag 28. mai** - Søndag før pinse  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd. Kyrkjekaffi.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Sundag 4. juni** - Pinsedag  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for  
Dale, Stamnes og Vaksdal sokn. Bø og Kvamsøe. Dåp. Natt-  
verd. Kyrkjekaffi. Forsongarane møter kl. 10.00.  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00 Høgtidsgudsteneste.  
Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Måndag 5. juni** - 2. Pinsedag  
FITJAVATNET/NORDVIKSÆTER kl. 12.00.  
Fitjivasstemna. Bø. Matøkt (medbragt mat). Felles avreise  
frå Vaksdal senter kl. 09.30.

*Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.*

*Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på  
[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)  
og for eventuelle endringar.*



## *Bunad og stakkastove as*

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsøle*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastove.no](http://www.bunadogstakkastove.no)*